

## Årsmelding for Hjartdal historielag 2016

### Styret 2016

Svein Bakkalia	leiar
Torgunn Opsal	nestleiar og sekretær
Borghild Brennekåsa	styremedlem
Torkjell Tjønn	styremedlem
Audun Solberg	styremedlem
Gunvor Prestårhus	styremedlem
Torkild H Mosebø	1. varamedlem og kasserar
Torkel Hytta	2. varamedlem

Valgkomite: Ivar T Dahl, Anne Tone Larsen og Svein Erik Sletta.

Revisor: Ingebjørg Frøland Hagen.

Styret har hatt 8 styremøte der varamedlemmane har møtt på styremøta.

Vi har hatt 177 medlemmar pluss 3 æresmedlemmar i 2016. Dette er nøyaktig det samme som fjoråret.

Kontingenten har vore kr 300,- inkl. gratis årbok. Dette er ei auke på kr 100,- sidan førre året. Rekneskapen er revidert pr 31.12.16 med ei omsetning på kr 247 509,64 og eit overskot på kr 75 496,48. Behaldninga er på kr 155 236,81.

### Møter og arrangement

Årsmøtet blei halde på Løvheim i Sauland 9 mars med 32 medlemmar tilstades.

Årsmelding og rekneskap blei gjennomgått og godkjent. Audun Solberg, Gunvor Prestårhus og Borghild Brennekåsa var på valg i styret i tillegg til Torkel Hytta som vara og Svein Erik Sletta i valgkomiteen. Alle blei attvalgt.

Etter årsmøtet synte Anders Kvåle Rue bilde og fortalde om arbeidet sitt med illustrering av Flatøybok.

Tysdag 19. april fekk vi besøk av historiker og journalist Halvor Tjønn på menighetshuset i Sauland. Foredraget handla om vikingar i austerled med tittelen; Den gongen Russland var ein skandinavisk stat. Det kom mykje folk, heile 60 – 70 personar møtte fram.

Det hadde blitt laga ei førehandsomtale til Telen og Elling Michelet hadde eit flott referat i samme avis etterpå.

Lørdag 25. juni strøymde det over 100 personar til Bondal. Historielaget arrangerte da Suigard-dag i strålande sommarver, sammen med Stiftinga Bondal bygdetun. Det var omvisning i museet, slåttespel med Nils Bondal, besøk av stulskaren Bent Nilsen frå stulen på Finnvollen, folkevisesong med Olav Tveiten og vriing av viuband med Halvor Bondal. Det var boksalg, salg av vaflar og kaffi og omvisning på garden.

Telen hadde store oppslag både før og etter arrangementet. Eit bra overskot gjekk til Bondal bygdetun.

Det siste styremøtet i vårhalvåret var lagt til den gamle prestegardsstova på Nutheim den 14. juni. Etter møtet var det omvisning i prestegardsstova som ein gong stod på Holm i Hjartdal. Kvelden blei avslutta med ein matbit på Nutheim Gjestgiveri. Ei fin avslutning av styrearbeidet før sommaren.

Halvor H Sisjord fekk utdelt Kongens fortjenestemedalje på historielagets myllekveld i Hjartdal onsdag 5. oktober. Hjartdal historielag var forslagstillar og medalje og diplom blei overrakt av ordførar Bengt Halvard Odden. Utdelinga kom overraskande på dei fleste, også på Halvor sjølv, og var svært populær.

Myllekvelden var svært vellykka med nær 100 deltakarar. Det var fyrst omvisning i Hjartdal Bygdemylle med myllaren Svein Våle og servering av byggmjølsgraut på gamleskulen etterpå. Halvor H Sisjord las frå ei ny historie han hadde skrive frå skuletida si og blei også utnemnt til æresmedlem i Hjartdal mållag denne kvelden. Olav Tho las og fortalde om livet ved elva, Anne Langåsdaalen spela fele og kvelden blei avslutta med ein konsert med Kjetil Flatland.

Myllekvelden hadde både førehandsomtale og fyrstesideoppslag i Telen etterpå.

Førjulskvelden med julemat på Tuddal høyfjellshotell blei også i år halde saman med «Kjerringkveldane» i Tuddal. Årets julearrangement blei halde tysdag 6. desember og trakk også i år fullt hus med 70 deltakarar, fleire i fellesbuss frå Hjartdal. Dette året stod Nils Bondal for eit flott felespel, Halvor Langåsdaalen song og fortalde, Torgunn Opsal las ei gammal segn etter Landstad og Elling Michelet takka for maten. Alt framifrå leia av Borghild Brennekåsa. Alle hadde berre skryt å komme med etterpå.

Det faste lanseringsmøtet av årboka torsdag 24 november hadde omlag 30 personar til stades. Ivar T Dahl, Audun Solberg, Elling Michelet og Dag Krokaa las og fortalde frå artiklane sine. Kjell Kaasa spela gitar og song viser og Ingebjørg Opsal sin heimebakst var som vanleg ytterst smakfull.

Telen hadde to store oppslag om boka og innhaldet etterpå.

Som fjoråret er det også i år halde åpne historielagskveldar på biblioteket kvar onsdag mellom kl 18 og 20. Frammøtet har variert, men det er stadig folk innom og praten går livleg.

### **Turar**

Etter avlysing i 2015 pga dårleg ver blei turen til Toin i Tuddal gjennomført tysdag den 31 mai.

Torkjell Tjønn var omvisar og turleiar til den gamle plassen som låg oppe i den bratte lia på vestsida av Tveitåa. Turen hadde godt oppmøte med omlag 25 turdeltakarar. På heimvegen stoppa vi ved Steinsrud og såg på bombekrater frå krigstida.

## **Årbok 2016, Hjartdalskalenderen og Kontaktbladet**

*Årbokkomite for Årbok 2016* har som før vore Svein Bakkalia, Torgunn Opsal, Leif Skoje og Torkjell Tjønn.

Årets bok var den sjettede årboka og salget har vore bra. Det bestilte opplaget er nå på det næraste utsolgt. Boka er fortsatt gratis for medlemmene. Prisen er kr 200 og økonomien er god. Arbeidet i årbokkomiteen går godt og det virkar som lokalsamfunnet set stor pris på årboka. Stadig nye forfattarar melder seg på og årboka er viktig i historielagsarbeidet.

*Kalenderkomite for Hjartdalskalenderen 2017* har vore leiar Torkel Hytta, Ivar T Dahl, Ingunn Hovde, Audun Solberg, Tone Stuvrud og Kari Skoland. Den populære kalenderen har fortsatt god tilgang på gamle bilde og går med eit bra overskot. Prisen er kr 100.

*Kontaktbladet* nr 47 blei sendt ut i juni saman med innbetalingsblankett for medlemskontingenten. Innhaldet var m.a. stoff om Suigard dagen, dei tre nye æresmedlemmane i historielaget, nye vedtekter og ei bokomtale av årboka for 2015 av Halvor Langåsdaalen.

### **Kulturminnene**

Audun Solberg, Leif Skoje og Svein Bakkalia deltok på seminar i Larvik 29. september i regi av Riksantikvaren. Tema var arbeidet med kulturminneplaner og kommunalt kulturminnearbeid i kommunane. På seminaret viste Audun Solberg bilde og fortalde om arbeidet med kulturminner i Hjartdal historielag.

Audun Solberg, Torkild H Mosebø og Svein Bakkalia deltok 18. oktober på seminar for historielag på Evju bygdetun i regi av Landslaget for lokalhistorie. Tema var korleis vi tek vare på lokalhistoria og kulturminnene i Telemark.

Historielaget tok 26. oktober skriftleg kontakt med Hjartdal kommune om kulturminner i samfunnsdelen av kommuneplan. Dette blei fulgt opp med eit møte 25. november med Torunn Hovde Kaasa og Steffan Langfors der Torkild H Mosebø og Svein Bakkalia frå historielaget deltok. Så langt har dette ikkje ført til synlege resultat.

8.12.2016 sendte historielaget brev til skogbruksleiar i Hjartdal Morten Hedegart, AT Skog om skogbruk og kulturminner, der vi sa oss interessert i eit samarbeid med AT Skog om dette emnet. Som eit resultat av dette blei det halde eit møte 15. februar 2017 med Morten Hedegart, Torkel Hytta, Torkild H Mosebø, Torkjell Tjønn og Leif Skoje frå historielaget der skogbruk og omsyn til kulturminner blei diskutert.

### **Kulturminnefondet**

Det hadde kome inn tre søknadar til Kulturminnefondet innan fristen 1 april. På styremøte 4.4.16 blei det løyva;

- kr 5000 til Jon Bekkhus og restaurering og flytting av ei gammal gardssmie på Bekkhus.
- kr 6000 til Audun Solberg og C14 datering av jernslagge ved Breivatn og
- kr 2000 til Torkel Hytta og rydding av husmannsplassane Snappholt og Kåsa i Sauland.

Det blei overført kr 20 000 frå driftsrekneskapet til kulturminnefondet på styremøte 8.12.17. Fondets saldo er nå kr 38 597,66.

### **Registrering av gamle buplassar**

Prosjektet med registrering av husmannsplassar har fortsatt i 2016. Torkel Hytta er prosjektleiar. Registreringa i Sauland er stort sett ferdig og har kome langt i Tuddal. I Hjartdal har registreringa ikkje kome i gang enda. Arbeidet med å finne stoff om dei enkelte plassane og legge dei inn på kart er igang. Det er ikkje tatt standpunkt til publisering enda.

### **Lokalhistorisk arkiv**

Arbeidet med historielagets arkiv fortsett, om enn noko seint. Styret har hatt eit par tre dugnadskveldar i løpet av året. Arkivet inneheld eit dokumentarkiv, eit fotoarkiv, eit lyd og filmarkiv og ei boksamling. Vi er fortsatt i ei oppstartfase, men vi er igang. Saman med sjølve arkiveringa pågår eit arbeid med å få materialet digitalisert.

### **Andre saker**

- Mølla-ny bruk.

Frøydis H Skoje og Geir J Hagen er valgt som historielagets representantar for perioden 2017-2018. Erling Wang er kommunens representant.

Styret blei informert om stiftelsens arbeid på sitt styremøte i desember og har fått stiftelsens årsmelding og rekneskap for 2015 til etterretning.

- Bygdedagane.

Historielaget var som vanleg til stades på bygdedagane i Tuddal og Sauland og ved Slåttefestivalen i Hjartdal med informasjonsmateriell og salg av bøker.

- Elvestien ved Omnesfossen.

Leif Skoje frå historielaget har vore med på å utarbeide lokalhistoriske infotavler på turstigen ved Omnesfossen. Tavlene blei presentert mandag 3. oktober og initiativtakar har vore Ann-Elin Wang. Drift og vedlikehald av stigen er nå overtatt av Notodden Turlag.

- Fellesmøter

12. april deltok fire medlemmer frå historielaget på fellesmøte på Notodden med historielaga frå Notodden, Gransherad og Jondalen. Vi fekk høre om arbeidet i dei andre laga og blei vist rundt i historielagets hus i Grønnbyen.

Hjartdal historielag var vertskap for fellesmøte 26. oktober. I alt 20 personar deltok på møtet. Vi informerte om arbeidet i historielaget vårt og saker av felles interesse blei diskutert.

Styret i Hjartdal historielag

Svein Bakkalia  
leiar